

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2021

Jæren 
Rekneskapslag

– økonomi og utvikling i jærsk ånd

Innkalling til årsmøte i Jæren Rekneskapslag SA

Bryne Kro og Hotell

Onsdag 9. mars 2022 kl 19.00

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av to medlemmer til å skrive under møteprotokollen
3. Årsmelding frå Styret
4. Godkjenning av regnskap
5. Godkjenning av budsjett 2022
6. Fastsetjing av godtgjersle til styret
7. Val av styreleiar for 1 år
8. Val av 2 styremedlemmer for 2 år og val av 3 varamedlemer til styret
9. Val av 2 medlemmer til valnemd
10. Val/ tilsette revisor

Vi legg opp til eit triveleg årsmøte. Det blir enkel matsservering.

I tillegg til årsmøtet vil vi få en orientering om konsekvenser av ei ny Gjødelsbrukforskrift ved Selmer Wathne.

Som vanlig blir det også ei orientering om nye skattereglar m.m.

Vi vonar på godt frammøte. Av omsyn til serveringa må vi ha påmelding denne gongen. Frist for påmelding til 51 78 69 90 eller klepp@grl.no er **torsdag 3. mars**.


ÅRSMELDING 2021

Årsmøte i Jæren Rekneskapslag blei halde på Teams den 9. mars. Det deltok 8 medlemmer.

Medlemstalet var ved utgangen av 2021 på 890. Totalt var vi ved avslutninga på året ansvarlege for 1226 rekneskap.

Økonomien i laget

Rekneskapan viser eit underskot før skatt på – kr 367 277 . Mykje av årsakene til underskotet i 2021 skuldast korona og mykje jobbing frå heime kontor. Vi har og ein del nyttilsette som det kostar å læra opp. Dette ser vi på som ei investering for framtida. Til tross for eit underskot i 2021, kan ein seia at økonomien i laget er god. Eigenkapitalprosenten er på 64 % av aktiva mot 65 % året før.



Årsoppgjør

Årsoppgjøret i 2021 var krevjande. Vi hadde håpa på at koronaen hadde gitt seg til 2021, men det gjorde den ikkje. Nok eit år fekk vi utfordringer med å gjennomføra årsoppgjør med restriksjoner grunna korona. Mange av kundesamtalane blei i år som i fjor gjennomført over telefon. Sjølv om dette fungerer saknar vi den direkte kontakten med medlemmer og kundar, og vi vonar at vi dette året i større grad kan gjennomføra eit normalt årsoppgjør.

Driftsanalysar

I 2021 har vi vidareført arbeidet med driftsanalysar. Vi ser framleis driftsanalyse som viktig for ein betre oversikt over lønsemd i produksjonane. Vi får utarbeidd statistikk over resultat på dekningsbidragsnivå m.m. saman med dei andre rekneskapslaga i området. Statistikken blir presentert i eit eige hefte. I 2021 utarbeidde vi 160 driftsanalysar.

Kurs og andre aktiviteter

Smittesituasjonen har utan tvil påverka aktiviteten vår når det gjeld kurs og fagmøte.

Vi har likevel klart å gjennomføra kurs i eigarskifte også denne hausten. Denne hausten gjekk kurset over ein kveld.

Vi har også gjennomført korte kurs i digital bokføring. Det er gjennomført 1 nybegynnarkurs og 1 for dei litt vidarekomne.

Fagmiljøet innan driftsøkonomi, bedriftsrådgiving og strategi

Aktiviteten i fagmiljøet har vore stabil, og vi registrerer ein omsetning på ulike rådgivingstenester i 2021 på 1,7 mill kroner. Rådgivinga gjeld mange ulike tenester. Dei mest brukte tenestene dette året har vore driftsplanlegging og eigarskifte.

2021 begynte godt for jordbruksnæringa. Ein betra marknad som følgje av mindre grensehandel og mindre utanlandsreis har medvirka til å gje mange eit betre økonomisk resultat. Når ein kjem til sommaren 2021 kjem det varsel om stor prisauke på import av kraftfôr og gjødsel. Dersom landbruket ikkje får kompensert for prisauka gjennom høgare prisar på produkta sine, vil dette få konsekvensar for inntektene. I siste kvartal 2021 ser vi at straumkostnaden steig mykje meir enn det ein er vand med. Dette gjekk hardt ut over veksthusnæringa og mange bønder. Heldigvis ser det ut som støtteordningane som regjeringa har kome med i 2022 kan hjelpe mykje på situasjonen.

Kompensasjon til pelsdyrprodusentar

Vi har også i 2021 engasjert oss i arbeidet for å få ein rettferdig kompensasjon til dei mange pelsdyrprodusentane som må avslutta næringsverksemda si.

Informasjon og marknadsføring

Vi har sendt ut medlemskriv for kvar 2 månader. I tillegg har vi også nytta tekstmeldingar der dette er naturleg.

Heimeside og facebook blir også aktivt nytta til informasjon og marknadsføring.

Rogaland Landbrukspark

Vi er saman med dei andre forskings, rådgivings og undervisningsverksemdene på Særheim medeigar i Rogaland Landbrukspark SA.

Selskapet arbeider for ei betre samhandling mellom dei ulike aktørane, og også eit større fokus på Særheim som kompetansesenter. Vi ser at dette er noko som kan utviklast vidare.

Rekneskapslaga på Jæren og Dalane

Vi deltar i samarbeidet Rekneskapslaga på Jæren og Dalane. Hovudmålet er å samordna arbeidet mellom dei 7 rekneskapslaga / rekneskapskontora i området som har samarbeidsavtale med Bondelaget. Ein samarbeider primært med tilrettelegging, samordning, og intern opplæring av tilsette i laga. Driftsanalysen er også ei svært viktig side av dette samarbeidet.

HG-Rekneskap har nå sekretariatet for dette samarbeidet

Digital rekneskapsføring

Interessa for å gå over på digital rekneskapsføring har vore stor i 2021.

Over tid er det ingen tvil om at den nye teknologien vil endra og redusera behovet for våre tradisjonelle bokføringstenester. Styret er opptatt av denne endringa, som utan tilgang på nye kundar og medlemmer kan medføra overkapasitet på reine bokføringstenester.

Personalet

Gjennom HMS arbeidet fokuserer vi stadig på både fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Rekneskapslaget er medlem av Samko.

Dei tilsette har også dette året delteke på mange ulike fagkurs. For autoriserte rekneskapsførarar er det krav om 4 dagar kurs og oppdatering kvart år.

Styret ønsker at tilsette hjå Jæren Rekneskapslag skal vere best mogleg rådgjevarar same kva ein arbeider med. I den samanheng har vi fått støtte hjå Rogaland Fylkeskommune til eit prosjekt som omhandlar utvikling av rådgivningsverktøy og metodikk. Dette er eit prosjektet som skal gå over to år.

Sjukefråværet har vore lågt, og var i 2021 på 1,31 %.

Lønnsoppgjeret blei i år gjennomført som lokale forhandlingar. Det blei gitt eit generelt tillegg på 3,55 %.

Ved utgangen av 2021 var det totalt 32 tilsette i arbeid på kontoret.

Styrearbeid

Det har vore 5 styremøte dette året, og det er behandla 29 saker.

Styre har i år hatt ein del jobb med å få tilsett ny dagleg ledar. Den 01.01.22 tilttrer ny dagleg ledar i Jæren Rekneskapslag.

Styret har vore:	Odd Braut, styreleiar Sigurd Orre, nestleiar Ove Horpestad Tarald Magne Oma Trygve Selbak
Varamedlemer	1. Ragnhild Stokka Dyngeland 2. Kirsten Kverneland 3. Jon Tore Refve
Valnemnd	Jan-Arild Anda (1 år) Arne Sletthei (1 år) Lars Nedrebø (2 år) Inga Timpelen (3 år) Arne Berge (3 år)

REKNESKAP 2021/ BUDSJETT 2022

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Budsjett 2022
DRIFTSINNTEKTER:			
Grunnkont Medlemmer	1 516 200	1 560 000	1 550 000
Timehonorar Medlemspris	18 393 760	18 710 000	20 250 000
Grunnkont Andre	599 400	560 000	600 000
Timehonorar Andre	5 035 983	5 100 000	5 350 000
Kurs-honorar	11 255	50 000	20 000
Honorar rådgivingsavdeling	1 728 565	2 100 000	2 000 000
Leieinntekter lokaler	44 000	70 000	5 000
Tilskudd utviklingsarbeid	200 000	-	200 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	27 529 163	28 150 000	29 975 000
DRIFTSKOSTNADER:			
Innleid hjelp	3 600	-	-
Lønn	20 882 032	19 900 000	21 450 000
Ref.sykelønn	-568 176	-400 000	-100 000
Styrehonorar	69 000	60 000	60 000
Gruppeliv	39 552	30 000	45 000
Arbeidsgiveravgift	3 021 175	2 900 000	3 170 000
Pensjon	608 182	520 000	700 000
Yrkesskadeforsikring	14 559	20 000	15 000
O&U + sluttvederlag	14 924	20 000	20 000
LO-NHO-ordning AFP	335 364	400 000	350 000
Bilgodtgj oppg.plikt/Kost	11 413	20 000	20 000
Andre personalkostnader	206 640	300 000	320 000
Sum personalkostnader	24 634 665	23 770 000	26 050 000
Avskrivninger	318 962	350 000	320 000
Festeavgift	9 163	10 000	10 000
Vann/Renovasjonsavgift	26 897	20 000	30 000
Straum	164 182	135 000	300 000
Renhold	172 544	180 000	190 000
Vedlikehald kontorbygg	48 645	65 000	70 000
Sum lokaler	421 431	410 000	600 000
Leie maskiner	19 626	35 000	25 000
Leie datasystemer	412 350	415 000	470 000
Vedlikehald inventar	83 437	100 000	100 000
Vedlikehald maskiner	89 062	50 000	90 000
Vedlikehold data-anlegg	17 604	50 000	45 000
Sum leie/vedlikehald utstyr	622 079	650 000	730 000

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Budsjett 2 022
Programvarer	418 174	600 000	480 000
Revisjon	15 000	35 000	25 000
Annen fremmed tjeneste	18 150	15 000	15 000
Rekvisita	112 334	150 000	150 000
Elektronisk signering	16 080	50 000	30 000
Fagbøker/tidsskrift	25 888	20 000	20 000
Kurs tilsette	324 837	390 000	390 000
Utviklingsprosjekt rådgivning	191 449	-	230 000
Kurs utg. egne arr	1 482	30 000	10 000
Telefon	53 704	70 000	60 000
Internett	29 880	50 000	40 000
Henteavtale posten	38 789	55 000	45 000
Porto	43 398	30 000	40 000
Reise etter regning	33 440	50 000	40 000
Reklame/Annonser	149 481	150 000	120 000
Kontingenter	244 128	250 000	260 000
Rekn.laga på Jæren og Dalane	17 000	25 000	25 000
Forsikring	125 468	150 000	150 000
Styrekostn	749	5 000	5 000
Årsmøteutgifter	3 575	15 000	10 000
Andre utgifter	75 247	170 000	80 000
Sum andre kostnader	1 938 253	2 310 000	2 225 000
Tap på fordringer	-2 431	100 000	100 000
SUM DRIFTSKOSTNADER	27 936 559	27 590 003	30 025 000
DRIFTSRESULTAT:	-407 396	560 000	-50 000
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Annen finansinntekt			
Renteinntekt	40 640	60 000	50 000
Renteutgift	-521	-	-
NETTO FINANSKOSTNADER	40 119	60 000	50 000
RESULTAT FØR SKATT:	-367 277	620 000	-
Skattekostnad	57 017	-170 000	-
ARSRESULTAT:	-310 260	450 000	-

Balanse pr. 31.12.2021

	Note	31.12.2021	31.12.2020
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	2	16 321	26 310
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2	4 515 759	4 723 010
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	2	90 816	115 108
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		20 000	20 000
Sum anleggsmidler		4 642 896	4 884 429
Omløpsmidler			
Kundefordringer		4 819 139	4 441 232
Andre fordringer		435 212	217 513
Bankinnskudd, kontanter o.l.		7 807 851	8 450 734
Sum omløpsmidler		13 062 202	13 109 479
SUM EIENDELER		17 705 098	17 993 907
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	3	1 778 000	1 760 000
Sum innskutt egenkapital		1 778 000	1 760 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	3	9 581 113	9 891 354
Sum opptjent egenkapital		9 581 113	9 891 354
Sum egenkapital		11 359 113	11 651 354
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Utsatt skatt		369 878	467 709
Sum avsetning for forpliktelser		369 878	467 709
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		333 654	286 630
Betalbar skatt		41 154	310 612
Skyldig offentlige avgifter		2 917 313	2 868 582
Annen kortsiktig gjeld		2 683 986	2 409 020
Sum kortsiktig gjeld		5 976 107	5 874 844
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		17 705 098	17 993 907

Særheim, den 1. februar 2022

Odd Braut
Styreleder

Sigurd Orre
Nestleder

Ove Horpestad
Styremedlem

Tarald Magne Oma
Styremedlem

Trygve Selbak
Styremedlem

Irene Hobberstad
Daglig leder

Noter 2021

Regnskapsprinsipper

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld. Eiendeler bestemt til varig eie og bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler.

Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer er oppført til pålydende.

Skatter

Skattekostnaden sammenstilles med regnskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt og utsatt skatt.

Note 1 - Lønnskostnad

Gjennomsnittlig antall ansatte i regnskapsåret er 28 årsverk.

Spesifikasjon av lønnskostnader	I år	I fjor
Lønn	20 737 246	19 620 771
Arbeidsgiveravgift	2 666 718	2 441 949
Pensjonskostnader	1 109 048	823 331
Andre lønnsrelaterte ytelser	110 283	526 853
Samlede lønnskostnader	24 623 295	23 412 904

Noter 2021

Note 2 - Avskrivning på varige driftsmidler

	Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	Sum
Anskaffelseskost pr. 1/1	77 157	6 768 878	1 339 045	8 185 080
+ Tilgang	0	0	77 430	77 430
- Avgang	0	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31/12	77 157	6 768 878	1 416 475	8 262 510
Akk. av/nedskr. pr 1/1	50 847	2 045 868	1 223 937	3 320 651
+ Ordinære avskrivninger	9 989	207 251	101 722	318 962
+ Avskr. på oppskrivning	0	0	0	0
- Tilbakeført avskrivning	0	0	0	0
+ Ekstraord nedskrivninger	0	0	0	0
Akk. av/nedskr. pr. 31/12	60 836	2 253 119	1 325 659	3 639 613
Balansført verdi pr 31/12	16 321	4 515 759	90 816	4 622 896
Prosentats for ord.avskr	12-14	1-33	7-33	

Note 3 - Annen egenkapital

	Annen egenkapital
Pr 1.1.	11 651 354
Anvendt til årsresultat	- 310 260
Andre transaksjoner: Andelsinnskot	18 000
Annen endring i EK	359
Pr 31.12.	11 359 453

Til selskapsmøtet i Jæren Rekneskapslag SA

BRYNE REVISJON

Bryne Revisjon AS

Statsautoriserte revisorer

Meierigata 17, 4340 Bryne

Telefon: 400 06 279

E-post: post@brynerevisjon.no

Bank: 9687.05.04184

Foretaksregister: NO 884 880 432 MVA

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert selskapet Jæren Rekneskapslag SA sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 310 600. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsregnskapet eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei

revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til

<https://revisorforeningen.no/cm-revisjon/revisjonsberetning-revisors-oppgaver-og-plikter/>

BRYNE, 1. februar 2022

Bryne Revisjon AS



Ingvor Husveg

Statsautorisert revisor

**Innstilling på styreleiar, styremedlemmer og varamedlemer til årsmøtet i Jæren Rekneskapslag
9. mars 2022.**

Styreleiar: Ove Horpestad – 1 år – ny

Styremedlem: Sigurd Orre – ikkje på valg

Styremedlem: Tarald Magne Oma – ikkje på valg

Styremedlem: Trygve Selbak – 2 år – gjenvalg

Styremedlem: Ragnhild Stokka Dyngeland – 2 år – ny

1.varamedlem: Anne Skasheim – ny

2.varamedlem: Kirsten Kverneland – gjenvalg

3.varamedlem: Jon Tore Refve – gjenvalg

Forslag på valgkomite for 2022:

Lars Nedrebø: ikkje på val, 1 år igjen

Inga Timpelen: ikkje på val, 2 år igjen

Arne Berge: ikkje på val, 2 år igjen

Nikolay Valheim: ny, 3 år

Geir Jone Pollestad: ny, 3 år

Forslag til styrehonorar 2022-2023

Fast honorar: Styreleiar kr 12 000 (uendra)

Styremedlem kr 1 500 (uendra)

Møtehonorar: Møte under 4 timar: kr 1 500 (uendra)

Møte over 4 timar: kr 2 500 (uendra)

Valkomiteen har bestått av: Jan-Arild Anda, Arne Sletthei, Lars Nedrebø, Inga Timpelen og

Arne Berge

Jæren 
Rekneskapslag

– økonomi og utvikling i jærsk ånd